
Vår referanse 2021/163-1
Dato 05.01.2021

RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 74 - søknad om tilskot til fartøyvern

Søknader og søknadssum inn til Vestland fylkeskommune for post 74 i 2021

For 2021 har Vestland fylkeskommune fått inn søknadar om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74 frå 36 ulike kulturminne, fordelt på 110 ulike tiltak. Av søkjarane er fire freda fartøy som søker om vel 12 millionar til sikring og istandsetjing. Mellom dei 36 søknadane kjem to søknader frå fartøy som har søknad om vernestatus under handsaming. Desse to utgjer omsøkt totalsum på nær NOK 4 000 000,- Total søknadssum er NOK 54 833 257.

Tilskotsøkonomien i Vestland fylkeskommune for post 74

1. Midlar til andre tiltak

Med bakgrunn i ordninga si innretting er det ikkje planlagt bruk av midlar frå post 74 til tiltaka som er skildra over, ut over det som er omsøkt i innkomne søknader.

I tillegg til tilskotsordninga sikring, istandsetjing og vedlikehald, har Vestland fylkeskommune eiga søknadsordning for driftstilskot til større flytande verna og freda fartøy med heimeadresse i Vestland. Denne ordninga vert vidareført.

Vestland fylkeskommune har sett av 1,8 millionar til fartøyvernforemål, og av desse er 1 million sett av til forvaltning og drift av fartøy over 100 brt og/eller passasjersertifikat.

2. Udisponerte midlar

Av løyvingar som Riksantikvaren har gjort fram til no, har ikkje Vestland fylkeskommune fått overført udisponerte midlar eller inntrekte midlar. Vi har heller ingen eigne udisponerte midlar per 31.12.2020.

Av tildelte midlar er det overført NOK 2 553 068,- til Vestland fylkeskommune, for vidare oppfølging i 2021.

4. Forvaltning av tilsegnfullmakta

Med tilsegnfullmakta for 2022 vil vi prioritere følgande prosjekt:

- Prosjekt som er igangsett, og fartøy som opptar slipp eller dokk
- Fartøy som har pålegg som må gjennomførast for å behalde sertifikat
- Prosjekt som grunna omfang og kompleksitet er særleg avhengig av føreseielege rammer og kontinuitet.

Søknad om tilskot frå Riksantikvaren

Vestland fylkeskommune søker om tilskot på til saman NOK 54 833 257,- frå post 74.**1. Vurdering av tendensar**

For 2021 har Vestland fylkeskommune fått inn søknadar om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74 frå 36 ulike kulturminne og fordelt på 110 ulike tiltak. Av søkerane er fire freda fartøy som søker om vel 12 millionar til sikring og istandsetjing. Total søknadssum er NOK 54 833 257.

Ei endeleg prioritering mellom søknadene vert gjort i tida fram mot vedtak om fordeling i mars månad. Eit hovudprinsipp er at dei freda fartøya må prioriterast. Likeins må større prosjekt som er igangsette vidareførast på eit vis som ikkje hindrar inntening for slipp, verkstad og verft.

Vi har vore i kontakt med fleire av dei viktige tredjepartane/verkstader og verft og ser at her finst god kapasitet innan fartøyvernet. Ein ikkje ubetydeleg del av tilskotet frå Vestland fylke vil verta nytta ved Bredalsholmen dokk og fartøyvernseier. Det er naudsynt både med omsyn til verft og pågåande prosjekt. Dette gjer at vi har mindre arbeid å fordele til kompetansmiljøa i eige fylke.

For utan dei store prosjekta, vil vi prioritere tiltak på fartøy der tiltaket vil hindra ytterlegare forfall. Vi ser for oss å nytta Savos-delen av post 74 til vidareføre praksisen vi har hatt i regionen, der det vert gjeve tilskot også til mindre tiltak og prosjekt, både fordi ein med små midlar kan oppnå resultat, og for å halda fartøya på eit akseptabelt vedlikehaldsnivå.

Ein del av søkerane har søkt om tilskot til fleire tiltak. Her vil det verta gjort prioriteringar av kva for tiltak som hastar mest, og kor mange ulike tiltak det er praktisk å ha gåande samstundes. For dei einkilde søknadene vert det gjort ei heilskapleg vurdering, der faktorar som skadebilete og konsekvensane av skade, kostnader, antikvarisk nivå på istandsettinga, bruksomsyn og dei nærare kulturminneverdiane til kvart enkelt kulturminne, inngår i vurderinga.

For prosjekta som ikkje er starta opp, vil vi i hovudsak prioritere å løyve midlar til arbeid med sikring og dokumentasjon.

2. Erfaringar knytt til fjorårets tilskot frå Riksantikvaren.

Vestland fylkeskommune fekk ansvaret for ordninga overført i 2020, og har først grunnlag for å melde konkret tilbake på dette i samband med søknad for 2022. Generelt viser søknadssummen for 2021 at tildelingane til post 74 i 2020 ikkje kan ha vore tilstrekkelege.

3. Udisponerte midlar

For 2020 har ikkje Vestland fylkeskommune udisponerte midlar for post 74.

4. Tilgang på handverkarar og relevant kompetanse i fylket

Vi har god tilgang på relevant kompetanse innan fartøyvernfeltet i Vestland fylke. Mange av aktørane er vi godt kjende med. Det vil vera av prioriterte aktivitetar for regionalforvaltinga i året som kjem, å følgje opp tilbydarane på feltet som vi ikkje har erfaring med frå før.

Mellom søknadane for 2021 er det einkilde prosjekt som baserer seg på innleige av kompetanse med tanke på å sikra fagleg nivå i prosjekta. Desse tiltaka vil vi stø opp om, for slik å sikra kompetanseoverføring, både mellom verksemder, og mellom fagfolk og frivillige. Det som kan sjå ut til å verte ein flaskehals for 2021, er kompetanse og ressursar til utarbeiding av grunnlagsdokumentasjon.

Ynskje til Riksantikvaren for 2021**Kunnskapsgrunnlag**

Vi ynskjer oss at planane som var skissert i dokumenta om kompetanseoverføring innan fartøyvernet, vert sett i verk. For å gjera ein tilfredstillande jobb med forvaltinga, treng vi

tilskotshistorikk for fartøya. Dette omfattar oversikt over utarbeidde THD-ar og restaureringsplanar, samt løyve, føringar og dispensasjonar som alt er gitt.

Likeins vil tentativ liste vera eit nyttig dokument å navigera etter når vi handsamar søknader om vernestatus og utførsle.

Faglege fartøyforum

Oppretting av faglege forum vil gje ei styrking av regionforvaltinga på fartøyvernfeltet.

Grunnlagsdokumentasjon

Utarbeiding av THD og restaureringsplanar vert i dag finansierte over post 75. Vi ynskjer oss tilgang til å bestilla slik utgreiing hjå fartøyvernsentra. Det kan også vurderast om eit aukande behov for grunnlagsdokumentasjon kan løysast med kursing av verft og fartøyeigarar.

Presentasjon av nye veiledarar

Vi kjenner til at det vert utarbeidd nye veiledarar. Vi ynskjer at Riksantikvaren presenterer desse i digitale møter/foredrag for fartøyeigarar og frivillige.

Tett kontakt

For 2021 vil det vera nyttig med tett kontakt mellom Riksantikvaren og regionalforvaltinga om løyvingane som er gjeve i 2020 og overført til fylkeskommunane.

Dersom, det er spørsmål eller behov for ytterlegare informasjon knytt til Vestland fylkeskommune sin søknad til post 74, ver venleg å ta kontakt med seniorrådgjevar Ann Kristin Kjerland, mob. 90889930, e-post Ann.Krisitn.Kjerland@vlfk.no

Med helsing

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Eva Moberg
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift